

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Sogn og Fjordane fylke

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Lauving

Bygdelag: Endal-Davik

Oppskr. av: H.Aardalsbakke

Gard: Endal. *Skaland. Davik*

(adresse): Davik

G.nr. *18-26* Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja ein brukar å lauve så sant ein har tid til det, men lauvar sjølvsagt mest i knappe høvår. No er det så vanskeleg med hjelp at det vert lauva mindre enn før. Men noko lauvar ein til kvart år. Ja ein lauva under siste verdenskrig.
2. Det er når ein har tid. Bjørk lauvar ein sers ofte kring St. Hans, og det reknar ein for beste tida. Straks ein er ferdig med høyslåtten tek ein til med lauving, dersom veret tillet det og driv gjerne på til ein må ta til med høyslåtten. Ein brukar namnet lauve. Logge har eg ikkje høvrt nokon bruka her. Ein lauvar helst ask, raun, bjørk og or-helst då svartor, men den tek det til å minka med. Osp er helst svært lite av.
3. No brukar ein helst lauvkniv, men er og har det vore så ymse, gamle sigdar, sigdar laga av gamle ljå o. l. Til å bøya greiner med hogg ein seg ei lang tynn grein med ei klyft å eine enden. Askelauv brukar ein mykje å plukke seinare om hausten. Det plukkar ein helst av greinene. Eik er her omlag ikkje. Almelaug vert mest alltid rispa med hand. Lauv av svartor vart ofte rispa med hand til grisefor. Svartor voks helst på innmark, og er no nokså sjeldan. Ein kjenner ikkje til at ein hadde noko på handa når ein rispa.
4. Her på desse kantar hogg ein ned dei tre ein vil lauva før lauvinga. Ask, alm og selje brukar ein å nave som ein seier. Ein sagar dei av omlag i manshøgde. Ein talar då om almstuv, askestuv, seljestuv o. s. b. Dei fyrste åra etter at dei er nava brukar ein å rispe lauvet av dei. Seinare hogg ein lauvet av og lagar kjerv. Når dei har vokse så høge at det er vanskeleg å rispe eller å lau-ve dei, navar ein på nytt. Har aldri sett at bjørk har vore nava her. Nokon viss størelse på trea før ein navar dei, trur eg ikkje det er, men ein navar dei ikkje medan dei er små. Almstuvar har vore haldne for sers verdfulle, men ein brukar ikkje å gjerde dei inne.
5. Rispelaugvet ber ein heim i sekker eller kiper. Er veret godt, tørkar ein det på bakken, elles på løhjellen eller låven eller på golvet i eit anna uthus. Bjørk, raun og or vert hogge av og laga til kjerv og vert turka helst inne i lada. Det vert sett kring veggene og på hjellen til det vert tørt. Då legg ein det saman på høystålet eller på hjellen.

2

Lauvet vert alltid teke inn når det truar med regn. Av og til set ein lauvkjerva opp på toppen av hesjestaurane, men eg har aldri sett at dei hesjar det. Lauvstakk er ikkje kjent. Ein tel kjerva på vanleg vis. Ein seier at ein har så og ~~å~~ så mange hundrad kjerv. Askelauvet har ein for seg sjølv. Rakar det ikkje saman med hå. Turkar det på bakken om veret er til det. Surlauv er ikkje kjent.

6. Lauvhjerva vert for det meste køyrt heim i lada straks det er kjerva. Har ein såkalla Bælde, set ein gjerne noko av det inn der og så vert det køyrt heim om vinteren antan på slede eller vogn etter som føret er. Dei som må bruke båt for å få det heim, tek det heim i heimelada med ein gong. Lauvdugnad kjenner ein ikkje til.

7. Ein tek nok lauv både på inn-og utmark, men mest på innmark. Er det både men og kvinner med om arbeidet, så hogg mennene ned og kvistar av og kvinnene lagar kjerv.

8. Når kjerva er turre, legg ein dei saman på høystålet eller på hjellen. I det siste er det sume som saltar lauvet. Ein bind det då ikkje i kjerv, men tek det heim i borrar. Så legg dei det i stål og saltar det litt. Kreatura likar det sers godt, men kvinfolka som skal ta det att om vinteren, synest det er greidare med kjerv, så den framgangsmåten ser ikkje ut å vinna rom. Det er helst sauen og geita- der dei har henne- som får kjerva, men også kyr- vissa raunekjerv-. Det vanlege er at dei får lauv ein gong omdagen så lenge det varer.

Ein brukte å gjeva kjerv ein gong omdagen-til middag- Eit lauvkjerv på kvar 2 sauer. Kvar kyr fekk til vanleg eit kjerv.

9. Av kjervelauf er det bjørk som er rekna for det beste. Almelauf er halde for sers godt grisefor, likeeins lauvet av svartor. Raunelauf er rekna for sers godt for. Det vert både laga til kjerv og plukka av greinene. ~~A~~ plukka raunelaufet var mykje bruka før, men det var seint og på grunn av lita hjelp, fell det meir og meir bort. Det var helst arbeid for litt større born å sitja oppe i raunen og plukke lauv og bær. Det bar ~~ein~~ i sekkar og ~~bar det~~ heim på ladehjellen og let det turka der.

10. Ja det vert sankt -rispa- almelauf til grisen. Det vart bære heim i sekkar og bréidit ut over låven eller eit golv i eit anna uthus e.l.

11. Nei samlaufing er ikkje kjend.

12-13-14-15 fell bort.

B I. Ja ein raka saman lauv på bakken om hausten når lauvet var falle av. Noko sera namn på det har eg ikkje høyr. Det vart helst brukt til strøy under griser, kalvar o.l. Ein seier då at vi må ut og rake undebrøysle. I vanskelege forår brukte dei nok tidlegare å blanda det lauvet som dei raka tidlegast saman med anna for og laga sørpe til kyrne.

2. Alt slags lauv som det ligg på marka. Askelauv der det ligg for seg sjølv, rakar ein saman til krøtermat.

3. Til det brukar ein vanlege høyriver.

- 3
4. Ein fraktar det heim i sekkar. Før brukte ein gamle stakkar som ein batt saman, men det er slutt med det no.
 5. Å rake lauv er helst barne og kvinnearbeid, men også vaksne mannfolk er med når det gjeld å nytta godveret.
 6. Det som vart brukt til for vart turka på same måte som rispelaug. Det som vart brukt som underbreidsle, vart lagt i dungar i ein eller annan stad i uthusa.
 7. Det som vart brukt til for, vart blanda med ymse avfall og gjeve kyrne som sørpe. Det var og er brukt berre til kyr og griser.
 8. Nei.
 9. Ja nødvendig. Vart brukt under siste verdenskrig og er delvis brukt endå.

2139

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING